

Send innlegg på e-post til: desk@strilen.no

INNLEGG

Klimadugnad Hordaland

Fiskefestivalen på Fedje var eit velkome høve for Hordalandslaget i Besteforeldrenes klimaaksjon til å spreie bodskapen sin om å delta i «Klimadugnaden». Laurdag 2. juli tok ei gruppe på fire besteforeldre turen til Fedje for å bidra med klimaengasjementet sitt. «Vil du vera deltakar eller tilskodar?» er spørsmålet klimaktivistane stilte dei som vitja festivalplassen, der dei hadde slått opp standen sin med fargerike banner, brosjyrar og hefte om klimasaka.

Dei vandra rundt, godt synlege med rauda luer, og delte ut informasjon og flygeblad med klimatips. Målet deira er å få folk til å delta i klimadugnaden som no spenner over heile verda. Parisavtalen i fjor vinter har jo faktisk gjeve startsignal til ein verdsomspennande dugnad, der alle land skal gjera sitt for å bremse oppvarminga av jorda.

Besteforeldra er ei landsdekkjande, tverrpolitisk foreining av frivillige, kvinner og menn i besteforeldregenerasjonen, som ynskjer å bidra til at me tek vare på eit «normalt» klima for etterslekta. Me er ikkje ekspertar, sjølv om fleire klimaekspertar er med. Me meiner alle kan gjera noko for den viktige saken som trugar framtidia til barn og barneborn og folkeslag i utsette område rundt om i verda. Me som er uroa og meiner det går alt for tregt, me som kanhende kjenner avmakt, me er viktige. Me er den såkalla «grasrota». Vår oppgåve er å seie ifrå!

Korleis skal me gjera det? Me skal snakka med andre om vår uro. Me kan melde oss inn i foreininger som snakkar på våre vegne om klimaproblema og dei gode løysingane. Me kan drøfte saka i sosiale media. Og me kan sende inn tankane våre til offentlege media. Til slutt vil nok politikarane våre forstå at me, veljarane deira, ynskjer handling! Det er det viktige, for det er den forståinga som manglar. Politikarar flest trur at veljarane ikkje vil ha ein kraftig klimapolitikk. Men det stemmer ikkje.



SAMLA: Annike Lygren, Sidsel Kjølleberg, Gunnar Kartveit og Bjørghild des Bouvrie frå Besteforeldrenes klimaaksjon Bergen og Hordaland. (foto: Bjørghild des Bouvrie)

Foto: Bjørghild des Bouvrie

Det er heller omvendt. Studiar viser gong på gong at veljarar er ute modige pga politikarane si nøling. Difor må me heva stemma!

Og så må me heie på alle dei som er oppfinnsame og har pågangsmot, og går føre for å skapa det gode, grøne samfunnet me vil ha for etterslekta. For det er vel det me vil? Og det er vel ikkje så mykje annleis enn det generasjonar før oss har arbeidd for? Å etterlate landet i betre stand enn då dei overtok etter førre generasjon.

Svaret på spørsmålet som blei stilt på Fedje, om ein var oppteken av klimaproblema, var ofte: «Det må ein jo vera!». Dét var riktig oppmuntrande å høyre. Folk på Fedje er klar over at noko må gjerast for klima. Men ei oppmoding om å seie ifrå til politikarane og be dei koma med ein kraftigare klimapoliti-

tikk, fall ikkje alltid i god jord. Mange sa at dei hadde mist trua på politikarane på grunn av den årelange tautrekkinga om ubåten frå krigstida. Det er trist. Men det treng ikkje vera slik.

Me kan fortelja ei annan historie. I 2013 samla Besteforeldrenes klimaaksjon 100 andre organisasjonar i ein allianse, «Klimavalg 2013». I 2014 held alliansen fram som «Klimavalgallianse», og i 2015 fekk klimasaka mykje merksemd i kommunale val.

Bergen by vil bli Norges grønaste by i 2030. No er «det grøne skiftet» blitt kåra til Årets ord nr. 1 for 2015! Og alle veit at det handlar om å unngå farlege klimaendringar.

Gunnar Kartveit og Bjørghild des Bouvrie, styremedlemer i Besteforeldrenes klimaaksjon Bergen & Hordaland



ENGASJEMENT: Bjørghild des Bouvrie frå Besteforeldreaksjonen vil engasjere folk i klimasaka. (foto: Gunnar Kartveit)

Foto: Gunnar Kartveit

Svar til Hindenes

I Strilen 17. juni les eg eit innlegg av Oddleiv Hindenes, med tittel «Utilbørlig oppførsel».

Historikken din er stort sett lik min. Eg flytta inn i Senteret eit år før deg. Reglane var slik etter det eg kan hugsa, at totalt areal det skulle betalast for, var ca. tre ganger så stort som bebygd areal. Dette var på grunn av utanomhus fellesareal til parkeringsplassar og grøntanlegg. Då det ikkje var plass i det nypåbyrja Senteret, måtte det fyrste delen, kalt Senter 1, kjøpa eit areal på nedsidan av vegen for å anleggja stor nok parkeringskapasitet. Det vart gjort vedtak

i Senterforeininga om at dette skulle vera ansatteparkering. Eit forsøk på å frigjera dei næreste parkeringsplassane, for kundane. Eit forsøk som kan karakterisera som mislykka. Det var dverre for mange som ikkje orka å gå dei ca. 50 metrane opp til Senteret. Ein av dei var Oddleiv Hindenes. I Senteret kunne grunneigarar søkja om å få reseverera parkeringsplass, men det måtte dokumenterast at det var behov for utrykningskjøretøy. Varelevering var ikkje godkjent grunn for søknad. Varelevering har alle som driv verksemd.

Vidare skriv du at i 1985

bygde på ei høgd til, som me i Kvernhuset også gjorde. Og at du då vart tildelt parkeringsplassar utanfor bygget ditt. Sei meg, korleis skjedde det at du vart tildelt privat parkering på vårt fellesareal? Har du dokumentert behov for utrykningsbil?

Dersom du i det heile teke har søkt, kven har godkjent søknaden, og tildelt deg privat parkeing?

Du har sett opp skilt på to plassar med tekst, Hindenes Byggbutikk, og Privat parkeing. Det finst to andre som også har teke seg til rette på denne måten, men det vert ikkje meir

sympatisk for det. Dette Oddleiv fortener karakteristikkene du brukar om andre: Utilbørlig oppførsel, og respektlaust.

Framstillinga di om Politiets oppførsel skal eg ikkje kommentera. Men det stemmer ikkje med mi erfaring av vår lokale etat. Så eg tek utsagnet ditt med minst ei klype salt, slik eg gjer med det meste av det du skriv. Håpar rette vedkomande les dette.

Og fjernar desse skilta snarast. Eller stikk nasen fram og tilstår korleis eller «kviseis» dette kunne skje.

Edmund Eidsheim

Foss hadde ein annan tittel på avisinnlegg

Bjarne Foss hadde eit innlegg i Strilen fredag 8. juli. Foss hadde skrive som tittel på innlegget «Kjære Astrid Aarhus Byrknes», denne vart av avisena flytta ned til starten av teksten, og så vart ein annan tittel sett på. Foss meiner den tittelen som vart brukt ikkje er dekkande for innlegget, og vil gjerne ha notert at det ikkje var hans forslag.